




# Tredje juridisk kjønnsalternativ - ei utgreiing

av Ingrid Egeland Thorsnes





**På oppdrag frå:**

FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold,  
Skeiv Ungdom,  
Skeiv Verden og  
Forbundet for transpersoner Norge (FTPN)



November 2018



# Anbefalingar

**På bakgrunn av rapporten *Alternativt juridisk kjønn – ei utgreiing, Rett til rett kjønn- Helse til alle kjønn*, masteroppgåva til Lars Arnesen Verken mann eller kvinne i pass og identitetspapir og arbeidsmøte med menneske som ikkje ønskjer å vera registrert som juridisk mann eller kvinne vil me koma med følgande anbefalingar:**

Dei juridiske kategoriane mann og kvinne vert haldt på, men at det innføres eit juridisk alternativ for dei av oss som ikkje identifiserer seg som kvinner eller menn.

Dei som ønsker det kan få ein X som markør i pass og andre identifikasjonspapir som i dag operer med M/K eller M/F

Kjønn blir fjerna frå dei nye nasjonale ID-korta

Skjema, spørreundersøkingar og registre som opererer med kjønn skal innehalde kategoriane anna, kvinne og mann.

Den nye ordninga for personnummer blir gjort kjønnsnøytral. Menneske som reserverer seg mot å vera registrert som kvinne eller mann får moglegheit til å endre personnummer fram til den nye ordninga trår i kraft.

Alt lovverk og alle rettar som er kjønna i tekst og utforming blir gjort kjønnsnøytral. Dette vil til dømes gjelda i Barnelova, Ekteskapslova og Lov om fastsettelse av lønn.

Omgrepet "fødselskjønn" blir erstatta av omgrepet "reproduktiv kapasitet" slik at lovar om foreldreskap, Bioteknologilova og andre lover som regulerer foreldreskap og reproduksjon tar utgangspunkt i enkeltpersonars behov framfor såkalla fødselskjønn eller juridisk kjønn.

Bioteknologilova blir gjennomgått slik at tilgang til assistert befruktning ikkje diskriminerer på bakgrunn av juridisk kjønn


Ved innkalling til masseundersøkingar eller vaksineprogram skal invitasjonen sendast ut til alle, eller at fastleger manuelt registrerer pasientar som tilhøyrande ei gruppe informasjonen blir sendt ut til (t.d. "kvinner"), uavhengig av kva juridisk kjønn vedkommande er registret som. Ansvar for at personer får relevant helseinformasjon og helsetilbod blir gitt fastlegen til vedkommande.

Barn med intersexdiagnosar blir tildelt juridisk kjønn som kvinne eller mann etter tokjønnsmodellen, men at dei, som alle andre, skal ha tilgang til å endra dette.

Reglane for tildeling av D-nummer og handtering av menneske som i dag er registert som eit tredje juridisk kjønn i alle eller nokon av sine identifikasjonspapir blir gjennomgått. Menneske som kjem til Noreg blir opplyst om at dei har moglegheit til å registrera seg som mann, kvinne eller anna.

Alle skal kunne benytta den garderoben dei ønskjer, og at det blir tilbudd eit alternativ til herre- og damegarderobe der det er mogleg.

Anbefalingane vil ivareta alle menneske sjølvstendig av kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. Anbefalingane speglar det ansvaret staten har i høve til diskrimineringslovgivinga, utan at det i større grad har innverknad på dagens tokjønnsystem.



## Innhald

1. Innleiing.....	1
2. Omgrepsbruk.....	2
3. Kva er eit alternativt juridisk kjønn.....	3
4. Nokre erfaringar frå andre land.....	4
5. Folkeregistrering.....	4
6. Kjønnssindikator i identitetspapir.....	6
7. Helse - Masseundersøkingar.....	7
8. Lover og forskrifter som gir rettar og plikter knytt til juridisk kjønn.....	8
9. Avslutning.....	14
Kjelder.....	0

# 1. Innleiing

## 1.1. Kjønn og identitet

For mange menneske er kjønn ein viktig del av identiteten, om ein er mann, kvinne, begge deler eller ingen av delane. I Noreg er opplysningar om juridisk kjønn mellom anna synleg i pass og personnummer, og kjønn er ein sjølv sagt del av måten ein vert identifisert av offentlege myndigheiter, i møte med helsevesen og når ein reiser over landegrensar.

Da lova om endring av juridisk kjønn<sup>1</sup> tredde i kraft 1. juli 2016, var dette ein stor seier for mange transpersonar og deira støttespelarar. Lova opnar for at ein kan endre juridisk kjønn ved erklæring, og ein treng ikkje lenger gjennomgå unødvendige kirurgiske inngrep, inkludert sterilisering, for å endre juridisk kjønn. Samstundes held lova om juridisk kjønn fast på den binære forståinga av kjønn: enten er ein mann eller så er ein kvinne. Med den nye lova kan ein endre frå det eine til det andre, men ein må velje mellom dei to kategoriane. Per i dag har altså ikkje personar som opplever at dei to eksisterande kjønnskategoriane ikkje stemmer overeins med kjønnsidentiteten sin noko mogelegheit for juridisk anerkjenning.

I ein artikkel om barn og kjønnsidentitet, skriv doktorgradsstipendiat Anniken Sørliie at ho ser på juridisk anerkjenning som eit nøkkelelement i individet sin identitet.<sup>2</sup> I artikkelen viser ho at nokre identitetar er aksepterte, medan andre ikkje er det, og

korleis jussen på denne måten påverkar enkeltmenneske sin mogelegheit til å fullt ut leve i tråd med sin eigen identitet.

Spørsmål om ein alternativ kjønnskategori er lite drøfta i eksisterande forskning, og det er derfor noko usikkerheit rundt kven og kor mange som ville ha ønskja å nytte seg av denne mogelegheita om den eksisterte.<sup>3</sup> Det er likevel verd å merke seg at i ein omfattande EU undersøking frå 2012, svarte heile 74% av respondentane som var transpersonar at dei identifiserte seg utanfor den binære forståinga av kjønn.<sup>4</sup> Fleire interessegrupper<sup>5</sup> og enkeltpersonar, både i Noreg og internasjonalt,<sup>6</sup> har teke til orde for å anerkjenne ein alternativ kjønnskategori for dei som ikkje identifiserer seg innanfor det binære kjønssystemet.

## 1.2. Politisk kontekst

I rapporten ”Rett til rett kjønn - helse til alle kjønn”<sup>7</sup> som danna grunnlaget for lova om endring av juridisk kjønn, blei det tilråda å gjere ei utrgeiing av spørsmålet om innføring av ein tredje kjønnskategori. Dette forslaget har ikkje blitt følgd opp av Solberg-regjeringa. Våren 2017 blei det likevel fremja to forslag i Stortinget som omhandla ein alternativ kjønnskategori. For det første fremja Venstre forslag om innføring av ein alternativ kjønnskategori, medan Arbeiderpartiet fremja forslag om ei utgreiing av spørsmålet. Begge forslaga blei nedstemt i Stortinget,<sup>8</sup> men viser

kjønnskategori dersom det hadde vore mogeleg.

<sup>5</sup> Forbundet for transpersoner i Norge, 2017

<sup>6</sup> Human Rights Watch, 2016

<sup>7</sup> Helsedirektoratet, 2015


<sup>8</sup> Stortinget, 2017. Venstre sitt forslag (om innføring) nedstemt i Stortinget (V, MDG og SV ja), same dag AP sitt forslag (om

<sup>1</sup> Lov nr. 46 av 17. juni 2016 om endring av juridisk kjønn

<sup>2</sup> Sørliie, 2015

<sup>3</sup> Sjå gjennomgang av eksisterande forskning i Arnesen, 2017

<sup>4</sup> FRA, 2014. Undersøkinga omfatta ikkje spørsmål om respondentane ønskja å registrere seg under ein alternativ



likevel engasjement og merksemd kring spørsmålet om eit alternativt juridisk kjønn. Vidare synast alle ungdomspartia å vere positive til utgreiing, og fleire også til innføring, av eit alternativt juridisk kjønn.<sup>9</sup>

### 1.3. Om rapporten

Målet med rapporten er å gi eit kunnskapsgrunnlag for komande politiske diskusjonar om innføring av eit alternativt juridisk kjønn. På oppdrag frå interesseorganisasjonar vil det i denne rapporten verte sett nærare på kva konseptet ”alternativt juridisk kjønn” kan vere, kva grep som må gjerast innan offentleg forvaltning dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført, samt korleis innføring av ein alternativ kategori kan påverke rettar og plikter for den einskilde.

Fokuset i rapporten er på juridiske problemstillingar, med hovudvekt på nasjonal lovgiving. Samstundes vil det også verte sett nærare på spørsmål som synest å vere meir av praktisk enn juridisk karakter, til dømes kjønnsindikator i personnummer.

Rapporten tek ikkje stilling til om det i eksisterande nasjonal eller internasjonal lovgiving føreligg ein *rett* til å velje ein tredje kjønnskategori. Dette er grundig vurdert av Lars Arnesen i masteroppgåva ”Verken mann eller kvinne i pass og identitetspapir. En utredning av internasjonale og nasjonale krav til kjønnsmarkører i identitetspapirer”<sup>10</sup> og i artikkelen ”Bør retten anerkjenne mer enn to kjønn?”<sup>11</sup> For øvrig tek Arnesen opp ei rekkje andre problemstillingar som er relevante for spørsmålet om innføring av eit alternativt juridisk kjønn, og publikasjonane er derfor sentrale kjelder i denne rapporten.

---

utgreiing) nedstemt i Stortinget (Høgre, Frp, KrF og Senterpartiet stemte nei) (Ap, SV, V, MDG ja)

<sup>9</sup> Framtida.no, 2017

Andre kjelder som vil er nytta er dokumentasjon utarbeida av eller for offentlege myndigheiter, medieoppslag, og informasjon frå ikkje-statlege organisasjonar/sivilt samfunn. For vurderinga av konsekvensar for rettar og plikter vil primærkjeldene vere norske lover og utvalde forskrifter, samt tilhøyrande førearbeid.

I det følgjande vert omgrepsbruken i rapporten kort gjennomgått (kap. 2), før det vert sett nærare på kva eit *alternativt juridisk kjønn* kan vere (kap. 3) og nokre erfaringar frå andre land (kap.4). Vidare omhandlar rapporten folkeregistrering (kap. 5), identitetspapir (kap. 6), helsetenester (kap. 7), og til slutt lover og reglar der kjønn har betydning for rettar og plikter (kap. 8). I kapittel 9 vert det gitt ei kort oppsummering av hovudfunna i rapporten.


I tillegg til dei tema som er drøfta i rapporten kan innføring av eit alternativt juridisk kjønn få betydning for offentlege instansar som politi, utlendingsmyndighetene og Statistisk sentralbyrå. Av kapasitetsomsyn vil desse spørsmåla ikkje verte drøfta i det følgjande.

## 2. Omgrepsbruk

Omgrepet *kjønn* omfattar i norsk språk både anatomiske og biologiske faktorar, til dømes knytt til reproduksjon, og sosiale og kulturelle faktorar, som til dømes kjønnsrollar. Denne rapporten omhandlar *juridisk kjønn*, det kjønnet ein er registrert med i Folkeregisteret, og som ein etter lov om endring av juridisk kjønn kan endre (frå eller til kategoriane mann og kvinne) ved erklæring. I dag operer norsk rett altså med eit *binært kjønnsystem*, som tyder at ein utelukkande anerkjenner to kjønn:

<sup>10</sup> Arnesen, 2016

<sup>11</sup> Arnesen, 2017



Kvinne og mann. Lova om endring av juridisk kjønn nyttar også omgrepet *fødselskjønn*, som er det kjønn ein blei registrert med ved fødselen. Lova om endring av juridisk kjønn gjer det mogeleg å endre juridisk kjønn basert på *kjønnsidentitet*. Kjønnsidentitet kan definerast som den personlege oppfatninga av kva kjønn ein er.<sup>12</sup> Opplevinga er subjektiv og treng ikkje vere i samsvar med kroppens ytre anatomi, eller med andre si oppfatning av kva kjønn ein er. Kjønnsidentitet heng ofte saman med *kjønnsuttrykk*, altså korleis ein uttrykker sin kjønnsidentitet gjennom veremåte, klede, hårfrisyre og andre ytre kjønnsmarkørar.

Spørsmålet om eit alternativt juridisk kjønn er særleg relevant for transpersonar og personar med intersex-tilstander. Å vere *transperson* kan bety at ein opplever å ha ein kjønnsidentitet som ikkje stemmer overeins med det kjønn ein fekk tildelt ved fødselen. Ein kan oppleve å vere mann, kvinne, begge deler eller ingen av delane. Å vere *intersex* betyr at ein er fødd med kjønnskarakteristikkar, genitalia, reproduksjonsorgan og/eller hormonsamansetning, som oppfattas som uvanlege for dei medisinske kategoriane ”mann” eller ”kvinne”.<sup>13</sup> For intersex barn vert ”oppsedingskjønnet” tildelt etter nærare medisinske undersøkingar.<sup>14</sup>

### 3. Kva er eit alternativt juridisk kjønn

Det første spørsmålet som må svarast på i denne rapporten er kva som meinast med ein eit alternativt juridisk kjønn. Ein alternativt kjønnskategori kan vere knytt til

konkrete tilhøve som til dømes pass og fødselsattest, slik ein kan sjå i enkelte andre land som til dømes Danmark og Tyskland.<sup>15</sup> Ei anna mogelegheit kan vere ei meir heilskapleg tilnærming til juridisk kjønn, der eit tredje juridisk kjønn vert likestilt med mann og kvinne for alle praktiske og juridiske føremål. Denne rapporten legg til grunn at ein slik heilskapleg tilnærming vil vere det beste for personar som ønskjer å nytte eit alternativt juridisk kjønn. Likevel inneheld kjønn i juridisk forstand mange ulike komponentar og vedkjem ulike spørsmål, og rapporten vil derfor ta føre seg desse kvar for seg.

Det er viktig å understreke at denne rapporten ikkje handlar om eit ”nytt kjønn”, men eit alternativt juridisk valalternativ for å gi personar som ikkje identifiserer seg som korkje mann eller kvinne (eller begge deler) mogelegheit til å få anerkjenning for sin identitet.

Lars Arnesen beskriv at det kan tenkjast to ulike modellar for ein alternativt kjønnskategori: Reservasjonsmodellen og fleirkjønnsmodellen.<sup>16</sup> Reservasjonsmodellen inneber at eit alternativt juridisk kjønn vert definert negativt, altså at ein ikkje er mann eller kvinne. Ein slik ordning treng ikkje nokon nærare definisjon av kva som meinast med den alternative kategorien.

Fleirkjønnsmodellen inneber derimot ein positiv definisjon av ein eller fleire alternative kategoriar. Professor Esben Esther Benestad har til dømes beskrive at det finnest sju ulike kjønn.<sup>17</sup> Faren med ein slik fleirkjønnsmodell er imidlertid at den

---

<sup>12</sup> Van der Ros & Benestad, 2014

<sup>13</sup> Mange intersex-barn vert som spedbarn utsett for irreversibel kirurgi for å passe inn i den medisinske forståinga av kjønn. Slike operasjonar er i strid med barn sine grunnleggjande menneskerettar, sjå Sandberg (2015).


<sup>14</sup> Klingenberg m.fl., 2011

<sup>15</sup> Sjå kapittel 4

<sup>16</sup> Arnesen, 2016

<sup>17</sup> Nr.no, Visste du at det finnes sju kjønn?, 2016





eller dei nye, positivt definerte kjønnskategoriane vert avgrensande på same måte som kategoriane ”mann” eller ”kvinne”.

I denne rapporten vil det derfor verte hovudsakleg sett på alternativet som gjeld reservasjonsmodellen. Juridisk sett vil det innebere ein tredje kategori på lik linje med mann og kvinne. Ein kan til dømes sjå føre seg at ein får høve til å velje mellom kategoriane ”M” ”K” og ”X”, eventuelt at den tredje kategorien vert kalla ”open”. For den einskilde vil ei slik ordning opne for ein positiv anerkjenning av å det stå utanfor den binære kjønnsforståinga, men utan at den alternative kategorien er definert på førehand – det vert opp til den einskilde å sjølv definere kva det betyr å identifisere seg under denne kategorien.

#### 4. Nokre erfaringar frå andre land

I ei rekkje europeiske og asiatiske land finnest det allereie ulike reguleringar av alternative juridiske kjønnskategoriar. I det følgjande vil det verte gitt ei kort oversikt over korleis spørsmål kytt til ein alternativ kjønnskategori er regulert i nokre av desse landa. Oversikta er ikkje uttømmende.

I Tyskland har foreldre til barn fødd med uklare kjønnskarakteristika (intersex) hatt moglegheit til å la vere å oppgi barnets kjønn ved fødsel sidan 2013. Intersex-personar kan også oppgi ”X” i passet dersom dei ønskjer det. Sidan 2015 har også Malta hatt ei liknande ordning som Tyskland, der styresmaktene opnar for midlertidig utsetjing av kjønnsmarkør for intersex-barn. I Frankrike kan intersex-personar velje å ha verte registrert som ”X” i folkeregister og identitetspapir. Felles for desse landa at alternativet er ikkje ope for

transpersonar, og er basert på medisinske kriterier.

I Australia kan både intersex og transpersonar registrerast med ”X” i pass dersom medisinsk dokumentasjon vert framlagt. På New Zealand kan ein kvar over 18 år erklære at ein ønskjer ”X” i pass og fødselsattest. Også i Danmark har ein moglegheit til å ha ”X” i passet, dersom ein har ”oplevelse af at tilhøre det andet køn”.<sup>18</sup> Moglegheita synest derfor framleis å halde seg til tokjønnsmodellen, og som Lars Arnesen påpeikar, ser det ”ikke ut som danske lovgivere har tenkt særskilt på andre kjønnsidentiteter enn mann og kvinne da de gikk inn for markøren «X» i danske pass.”<sup>19</sup>

I nokre asiatiske land har ein historiske og kulturelle referansar som inkluderer menneske i andre kjønnskategoriar enn mann og kvinne, som nepalske, indiske og bangladeshiske *hirjas* eller pakistanske *khwaja sira*. Dette kan vere ein grunn til at desse landa anerkjenner tredje kjønnskategori tidlegare enn andre land i regionen og verda for øvrig. Som Lars Arnesen peikar imidlertid på at anerkjenninga av dei nemnde gruppene kan synast å hande meir om å anerkjenne ein kulturell/religiøs minoritet, enn om ein alternativ kjønnskategori.<sup>20</sup> På grunn av grunnleggjande ulikskapar i det sosiale og kulturelle utgangspunktet er det også usikkert kor mykje overføringsverdi desse juridiske erfaringane har til ein norsk kontekst.

#### 5. Folkeregistrering

##### 5.1. Fødselsmelding

Alle personar som er født eller busett i Noreg skal vere registrert i Folkeregisteret jf. folkeregisterlova.<sup>21</sup> Etter fødsel sender ansvarleg helsepersonell fødselsmelding til


---

<sup>18</sup> Justitsministeriet (Danmark), 2014

<sup>19</sup> Arnesen, 2017

<sup>20</sup> Arnesen, 2016

<sup>21</sup> Lov nr. 1 av 16. januar 1970 om folkeregistrering



Folkeregisteret der det vert opplyst om barnet er ”gutt” eller ”pike”.<sup>22</sup> Fødselsmeldinga har heimel i barnelova<sup>23</sup> § 1 og helsepersonellova<sup>24</sup> § 35, men føresegnene nemner ikkje at kjønn skal vere oppgitt i meldinga. Fødselsmeldinga dannar grunnlaget for fødselsnummer og fødselsattest.

Markør av kjønn i fødselsmeldinga er ei utfordring når det gjeld barn som er fødd med intersex-tilstander. I fleire land har ein opna for at foreldra ikkje treng å oppgi kjønn ved fødsel, slik at dette kan utsettast til seinare, ideelt sett til barnet er eldre og kan uttrykke si eiga meining. Ei slik ordning kan likevel innebere nokre utfordringar, fordi personlege opplysningar om barnets kjønnsutvikling då vil verte synleg i barnets identitetspapir.

Dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført, kan ein også sjå føre seg at barnet vert plassert i den alternative kategorien. Dette kan imidlertid sjåast for å være eit like stort val å ta for barnet som å velje om barnet skal vere gut eller jente. På den andre sida kan den alternative kjønnskategorien vere å sjå som ein reservasjon mot dei to eksisterande kjønnskategoriane. Det same problemet med synleggjering av personlege opplysningar som nemnt over i samband me då la vere å oppgi barnet sitt kjønn, vil også melde seg dersom ein alternativ kategori ”X” vert valt for intersex-barn ved fødselen. Når det gjeld intersex-barn er det likevel ikkje kjønnsmarkøren i fødselsmeldinga det viktigaste spørsmålet per i dag, men heller at det ikkje vert utført unødvendige og irreversible kosmetiske operasjonar på nyfødde barn.<sup>25</sup>

---

<sup>22</sup> Blankett, Melding om fødsel (RF-1420)

<sup>23</sup> Lov nr. 7 av 8. april 1981 om barn og foreldre

<sup>24</sup> Lov nr. 64 av 2. juli 1999 om helsepersonell m.v.

<sup>25</sup> Sandberg, 2015

## 5.2. Fødselsattest

Når fødselsmeldinga er motteke av registermyndigheitene og det er gitt identitetsnummer, sender Folkeregisteret ut ein fødselsattest. Fødselsattesten inneheld opplysningar om namn, fødselsdato, personnummer, kjønn, fødested og eventuelt namn på foreldre.<sup>26</sup> I forskrift om folkeregistrering<sup>27</sup> som også regulerer innhaldet av fødselsattestar er det ikkje nemnt at attesten skal innehalde opplysningar om kjønn.

Etter dagens praksis kan ein ved endring av juridisk kjønn få endra kjønn i fødselsattesten. Det skal ikkje gå fram at attesten at kjønn eller namn er endra.<sup>28</sup> Dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført er det nærliggjande å tenkje seg at fødselsattesten kan markerast med ”X”.

## 5.3. Identitetsnummer

Alle som er registrert i Folkeregisteret vert tildelt eit identitetsnummer. Dei som er busett i Norge får fødselsnummer jf. folkeregisterlova § 4. Personar frå utlandet som skal opphalde seg i Noreg i mindre enn 6 månader få D-nummer.<sup>29</sup> Korkje folkeregisterlova eller forskrift til lova gir uttrykkelege reglar om at kjønn må vere registrert i Folkeregistert.


Fødselsnummeret består av 11 tal, fødselsdato på seks tal, tre ”individsiffer” og to ”kontrollsiffer”. Etter forskrift til folkeregisterlova § 2-2 skal kvinner ha like tall og menn ulike tall som siste individsiffer. Det same gjeld for D-nummer. Ved avlesing av identitetsnummer kan ein slik vite kva juridisk kjønn personen er registrert med.

<sup>26</sup> Skattetaten.no, Fødselsattest

<sup>27</sup> Forskrift nr. 1268 av 9. november 2007 om folkeregistrering

<sup>28</sup> Skattedirektoratet (2014) pkt. 24.1.8

<sup>29</sup> Skattetaten.no, D-nummer



Innføring av eit alternativt juridisk kjønn vil påverke utforming av personnummer og D-nummer. To løysingar kan tenkjast for dette scenarioet: 1) at fødselsnummeret og D-nummer blir utforma på ein anna måte for personar som er registrert med ein alternativ kjønnskategori eller 2) at ein fjernar eller deaktiverer kjønnsindikatoren i D- og fødselsnummer.

På grunn av måten identitetsnummer blir laga på i dag vil det ikkje vere fleire nummer igjen om omlag 20 år. Skatteetaten har derfor gjort ei utgreiing der det er sett nærare på ulike alternativ til dagens ordning.<sup>30</sup> I Skatteetaten sin rapport vert det mellom anna gjort reie for fleire alternativ som ikkje inneheld kjønnsmarkør. Alternativet som vert tilråda i utgreiinga er svært lik personnummer/D-nummer, men med ein vesentleg skilnad: Skatteetaten foreslår å deaktivere kjønnsindikatoren i identitetsnummera. Denne løysinga medfører noko større kostnader enn eit av dei andre alternativa, men etaten finn at identitetsnummer utan kjønnsindikator vil vere betre rusta for komande samfunnsendingar.

I mars 2017 blei spørsmålet om nye identitetsnummer sendt på høyring av Finansdepartementet, og i høyringsnotatet støttar departementet Skattedirektoratet sitt forslag.<sup>31</sup> Høyringsfristen var 22. juni 2017 og saka er ikkje ferdighandsama. Vurderingane frå Finansdepartementet og Skatteetaten viser likevel at ein går i retning av å fjerne kjønnsindikatoren, noko som vil gjere kjønn urelevant i relasjon til identitetsnummer.

Ved innføring av ein eit alternativt juridisk kjønn vil det vere ein fordel om regjeringa fell ned på løysinga at identitetsnummeret ikkje inneheld kjønnsindikator, fordi dette

vil innebere at ein ikkje treng å gjere store endringar i eit slikt omfattande system fom følgja av eit ein opnar for eit tredje kjønnsalternativ. Samstundes vil det ta svært lang tid å innføre det nye systemet (15 år ifølgje Finansdepartementet), og dersom eit alternativt juridisk kjønn ver innført, bør ein mellombels ordning vurderast.

Dersom regjeringa fell ned på løysinga med å deaktivere kjønnsindikatoren i fødselsnummeret vil kjønn framleis vere registrert i Folkeregisteret. Ved innføring av ein eit alternativt juridisk kjønn, er det nærliggjande å sjå føre seg at ein vil kunne registrere seg med "X" i registeret. Denne løysinga kan også gjennomførast uavhengig av prosessen med å endre identitetsnummera. Det er med andre ord ikkje naudsynt å vente til kjønnsindikatoren er deaktivert med å innføre eit alternativt juridisk kjønn.

## 6. Kjønnsindikator i identitetspapir

### 6.1. Pass

Etter dagens ordning inneheld norske pass kjønnsmarkøren "F" eller "M". Dette følgjer korkje av passlova<sup>32</sup> eller passforskrifta.<sup>33</sup> I følgje FNs Civil Aviation Organization (ICAO), der også Noreg er medlem, skal pass innehalde kjønnsindikator. Retningslinjene frå organisasjonen,<sup>34</sup> som blei oppdatert i 2015, opnar imidlertid for at pass kan innehalde "X" som alternativ til "F" eller "M":

*Sex of the holder, to be specified by use of the single initial commonly used in the language of the State or organization where the document is issued (...) followed by an oblique*

<sup>30</sup> Skatteetaten, 2013

<sup>31</sup> Finansdepartementet, 2017

<sup>32</sup> Lov nr. 82 av 19. juni 1997 om pass

<sup>33</sup> Forskrift nr. 1263 av 9. desember 1999

<sup>34</sup> International Civil Aviation Organization, 2015

*and the capital letter F for female, M for male, or X for unspecified.*

At alternativet "X" vert nytta i land som Tyskland og Danmark, viser også at dette let seg gjere i praksis. Det ligg ikkje føre tilgjengelege eksempel på at ein person er nekta innreise på grunn av at det er nytta "X" i passet. Dersom det vert innført eit alternativt juridisk kjønn i Noreg, synast det etter dette ikkje vere juridiske hindringar for å nytte "X" i passet.

## 6.2. Nytt nasjonalt ID-kort

I 2015 vedtok Stortinget ein ny lov om nasjonalt identitetskort (ID-kortloven).<sup>35</sup> Lova er førebels ikkje tredd i kraft, men det er planlagt at dei nasjonale identitetskorta skal vere tilgjengelege frå våren 2018. I følgje lova frå 2015 skal korta innehalde opplysningar som er nødvendige for å kontrollere "kortets ekthet og bekrefte innehaverens identitet", jf § 6. Kjønn er ikkje nemnd i lova, og av lovforarbeida<sup>36</sup> følgjer det at "Lovforslaget baserer seg på at detaljerte regler om hvilke opplysninger som skal trykkes på kortet fastsettes i forskrift. Det må foretas en nærmere vurdering av behovet for å angi (...) opplysninger om eksempelvis høyde, kjønn, hårfarge osv." Førebels er det ikkje utarbeida ei slik forskrift, men av eksempelkortet som blir vist som illustrasjon på regjeringa sine nettsider, følgjer det at kjønn er ein del av informasjonen som skal vere synleg på kortet, saman med identitetsnummeret.<sup>37</sup>

Dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført, kan to løysingar tenkjast: 1) At ein fjerna kjønnsindikatoren, eller at 2) det vert

<sup>35</sup> Lov nr 39 av 5. juni 2015 om nasjonalt identitetskort

<sup>36</sup> Prop.66 L (2014-2015) Lov om nasjonalt identitetskort (ID-kortloven)

<sup>37</sup> Regjeringen.no, Elektronisk ID på nasjonalt ID-kort, 2016

<sup>38</sup> Skatteetaten.no, D-nummer

mogeleg å velje "X" på identitetskortet. Land som Tyskland, Italia og BE-NE-LUX-landa har ID-kort som ikkje inneheld opplysningar om kjønn.<sup>38</sup> I følgje internordisk overeinskomst om folkeregistrering<sup>39</sup> er imidlertid den som busett seg i dei nordiske landa pliktig til å kunne legitimere seg med pass eller anna legitimasjonspapir som viser bla. kjønn, nok som tilseier at det bør opplysast om kjønn (F, M eller X) på ID-kortet.

## 6.3. Førarkort

I Noreg har ein, i motsetnad til ein del andre land, ikkje kjønnsmarkør i førarkortet, men førarkortet inneheld identitetsnummeret.<sup>40</sup>

## 7. Helse - Masseundersøkingar

Masseundersøkingar er medisinske undersøkingar av større grupper for å avdekke tidlige teikn på sjukdom eller risiko for seinare utvikling av sjukdom, som til dømes systematiske undersøkingar av kvinner for å påvise begynnande utvikling av brystkreft (mammografi) og kreft i livmorhalsen (celleprøve).<sup>41</sup>


I følgje Helsedirektoratet vil innkalling til enkelte masseundersøkingar som mammografi-screening og screening for livmorhalskreft verte sendt til dei som er registrert som juridisk kvinne i folkeregisteret.<sup>42</sup> Dette gjeld også HPV-vaksine til unge kvinner. På helsenorge.no vert det i denne samanheng opplyst følgjande: "Etter endring av juridisk kjønn vil det derfor være lurt å gjøre en

<sup>39</sup> Overenskomst av 1. november 2004 mellom Norge, Danmark, Finland, Island og Sverige om folkeregistrering

<sup>40</sup> Sjå drøftinga over i kapittel 5.

<sup>41</sup> Braut, 2017

<sup>42</sup> Helsenorge.no, Endring av juridisk kjønn, 2017



gjennomgang av behov for helsehjelp med for eksempel fastlegen.”<sup>43</sup>

Dersom det vert innført eit alternativt juridisk kjønn kan personar som er registrert i denne kategorien risikere å ikkje verte innkalla til relevante undersøkingar. For personar som har endra juridisk kjønn er det i dag opp til dei sjølve å ta opp dette med sin fastlege. Med andre ord opp til den einskilde å søgje for at ein får tilbod om dei nemnde undersøkingane.

Ei alternativ løysing kan vere at informasjon om masseundersøkingar alltid vert sendt ut til personar som er registrert med eit alternativt juridisk kjønn. Dette vil innebere at somme vil motta invitasjonar som ikkje er relevante for dei. På den andre sida synast viktigheita av at slike innkallingar når ut til alle den er aktuell for å vere eit tyngre argument enn at nokon får informasjon som ikkje direkte vedkjem dei. Denne løysinga vil imidlertid ikkje sikre at personar som har endra juridisk kjønn frå mann til kvinne eller kvinne til mann vert innkalla til undersøkingar som er relevante for dei. For å løyse denne utfordringa kan ein sjå føre seg at innkallingar vert sendt ut til alle, uavhengig av kjønn. Dersom det er relevant for personen det gjeld, kan vedkommande respondere til innkallinga. Dette vil naturlegvis bety at innkallinga, til dømes om celleprøve, vil gå ut til mange menn som dette ikkje er relevant for. Særleg dersom informasjonen vert sendt ut elektronisk, kan det argumenterast for at dette har liten kostnad haldt saman med viktigheita av at alle bør få eit like godt helsetilbod, inkludert innkalling til masseundersøkingar.

---

<sup>43</sup> Helsenorge.no, Endring av juridisk kjønn, 2017

## 8. Lover og forskrifter som gir rettar og plikter knytt til juridisk kjønn

Mange sentrale lover og tilhøyrande forskrifter gir rettar og plikter knytt til kjønn. I dette kapitlet vert det sett nærare på korleis rettar og pliktar kan verte påverka av innføring av eit alternativt juridisk kjønn. Ein del av desse spørsmåla har også kome opp i samband med andre politiske og juridiske utviklingar knytt til juridisk kjønn, likekjønna ekteskap og likekjønna foreldreskap. Oversikta er ikkje uttømmende, og andre lover og forskrifter kan verte påverka av innføring av eit alternativt juridisk kjønn.

### 8.1. Assistert befruktning

I følge bioteknologilova kapittel 2 kan assistert befruktning, altså inseminasjon og befruktning utanfor kroppen, ”bare utføres på kvinne som er gift eller som er samboer i ekteskapsliknende forhold.” Dette helsetilbodet er særleg aktuelt for lesbiske par og heterofile par der mannen er befruktningsudyktig.

Ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn vil det kunne reisast fleire spørsmål i høve til denne lova, sidan ordlyden knyt rettane direkte til kjønn, både kvinna som får behandlinga og mannen som er befruktningsudyktig.

Liknande spørsmål kom opp i samband med innføringa av lov om endring av juridisk kjønn. Av forarbeida til loven følgjer det at:<sup>44</sup>

*Når en person har endret juridisk kjønn, skal som hovedregel det nye kjønn legges til grunn ved anvendelsen av regler i andre lover og forskrifter der kjønn er av betydning. (...) Inntil videre skal dette også være*

<sup>44</sup> Prop.74 L (2015-2016) Lov om endring av juridisk kjønn

*løsningen ved anvendelse av bioteknologilovens regler om assistert befruktning. Departementet vil imidlertid komme tilbake til spørsmålet om assistert befruktning til personer som har skiftet juridisk kjønn i egen sak om evaluering av bioteknologiloven.*

Dette var ikkje løysinga som blei føreslege i departementet sitt høyringsnotat.<sup>45</sup> Der blei det derimot føreslege at reglane om assistert befruktning skulle følgje fødselskjønnet. I høyringsrunden støtta eit fleirtal i Bioteknologirådet dette forslaget (9 av 15), og uttala følgjande:<sup>46</sup>

*Personene det gjelder bør få anledning til å bruke sine egne kjønnseller til å lage barn, uavhengig av hvilket juridisk kjønn de har. Disse rådsmedlemmene ser ingen tungtveiende grunner til å nekte dem å få den mest hensiktsmessige og ønskede formen for assistert befruktning kun fordi de har endret juridisk kjønn. Forutsetningen er at de innfrir lovens øvrige betingelser for assister t befruktning, som blant annet inkluderer en medisinsk og psykososial vurdering av lege.*

Overført til spørsmålet om ein person som er registrert med eit alternativt juridisk kjønn bør kunne få assistert befruktning, tilseier formuleringa ”uavhengig av hvilket juridisk kjønn” at også denne gruppa bør ha tilgang til dette helsetilbodet.

I juni 2016 kom den varsla evalueringa av bioteknologilova,<sup>47</sup> og i evalueringa held departementet fast på dagens ordning, altså at ein ikkje vil ha rett på assistert befruktning dersom ein ikkje er registrert som juridisk kvinne. For personar som har

mannlig fødselskjønn, synast det likevel å vere opning for at dei kan få nytte evt. nedfrosen sæd til assistert befruktning med kvinneleg partner.

Dersom ein innfører eit alternativt juridisk kjønn, kan det tenkjast at departementet vil velje same tilnærming, altså at ein person som er registrert med eit alternativt juridisk kjønn i utgangspunktet ikkje vil ha rett på assistert befruktning. Som påpeika av Human-Etisk Forbund i høyringsrunden, vil det vere mogeleg å endre juridisk kjønn til kvinne for ein periode.<sup>48</sup> Dette vil med andre ord seie at ein må registrere seg med eit kjønn ein ikkje identifiserer seg med for å få rett på helsetenester, noko som vil vere ei svært uheldig løysing.

Løysinga som departementet har valt synast å bygge sterkt på tokjønnsmodellen, på same måte som argumentasjonen frå mindretalet i Bioteknologirådet:<sup>49</sup> ”Å endre kjønn er en viktig, eksistensiell og selvvalgt handling som påvirker hvilke rettigheter du har i samfunnet. Det bør også gjelde for spørsmål om assistert befruktning.” Med andre ord, vel ein å ikkje vere kvinne, kan ein ikkje få barn. Ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn er det nærliggjande at dette spørsmålet kjem opp igjen. Som fleirtalet i Bioteknologirådet viser, synest utviklinga å gå i retning av ein meir open tilnærming til kjønn og foreldreskap, der juridisk kjønn ikkje er avgjerande for rett til bestemte helsetenester.

## 8.2. Foreldreskap

Omgrepa "mor" og "far" vert ofte nytta i samband med foreldreskap, er i seg sjølv tradisjonelt knytt til kjønn. Dersom ein definerer seg utanfor det binære kjønnsystemet kan det derfor tenkjast at ein ikkje ønskjer å nytte desse nemningane

<sup>45</sup> Helse- og omsorgsdepartementet, 2015

<sup>46</sup> Bioteknologirådet, 2015

<sup>47</sup> Meld. St. 39 (2016–2017), Evaluering av bioteknologiloven

<sup>48</sup> Human-Etisk Forbund, 2015

<sup>49</sup> Bioteknologirådet, 2015



om seg sjølv. For framtida kan det derfor tenkjast at ein i lovverk vil bruke ”forelder” fleire stader. Samstundes er det ikkje noko motstrid mellom bruk av omgrepa ”mor” og ”far” i lovverket, og innføringa av ein tredje kategori. I dagens samfunn er det vanleg at både foreldre går frå kvarandre og får ny partnerar av ulike kjønn, og for å gi namn til vaksenpersonane i barnet sin liv finnes eit stort mangfald av nemningar. Juridisk sett er det imidlertid framleis ”mor” og ”far” som er gjeldande.

Etter barnelova § 2 følgjer det at ”Som mor til barnet skal reknast den kvinna som har fødd barnet.” Dersom ein innfører eit alternativt juridisk kjønn, vil ikkje ”kvinna” passe beskrivinga om personen som føder barnet er registrert med eit alternativt juridisk kjønn. Det same vil gjelde dersom vedkommande har endra kjønn i tråd med lov om juridisk kjønn, og er registrert som mann. Av § 3 følgjer det vidare ”Som far til barnet skal reknast den mannen som mora er gift med ved fødselen. Som medmor til barnet skal reknast den kvinna som mora er gift med.”

Av lov om endring av juridisk kjønn § 6 følgjer det at det juridiske kjønn skal leggjast til grunn dersom kjønn er av betydning ved bruk av andre lover og forskrifter, men med nokre unntak, nemleg når det gjeld fastsetting av foreldreskap og foreldreansvar etter barnelova. Det betyr at det er fødselskjønnet som er avgjerande for om ein vert rekna som mor til barnet. Av forarbeida følgjer det likevel at ”en mann som er fastsatt som forelder etter reglene i barneloven om morskap, kan betegne seg som barnets far.”<sup>50</sup>

---

<sup>50</sup> Prop.74 L (2015-2016) Lov om endring av juridisk kjønn

<sup>51</sup> Lov nr. 19 av 28. februar 1997 om folketrygd

<sup>52</sup> Lov nr. 8 av 28 februar 1986 om adopsjon

Dersom ein ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn følgjer same modell som ved endring av juridisk kjønn, kan ein tenkje seg ei ordning der ein uavhengig av kva kjønn ein er registrert som, kan reknast som enten mor, far eller medmor, avhengig av om ein er den som føder barnet eller ikkje. Etter forarbeida synest det å vere opent for å bruke den nemninga ein sjølv ønskjer. Samstundes kan det vere grunn til å sjå nærare på ordlyden i barnelova for å vurdere om det verkeleg er naudsynt å nytte kjønns spesifikke nemningar.

Betydinga av fødselskjønn ved fastsetjing av foreldreskap får vidare betydning for rettar og plikter etter folketrygdlova<sup>51</sup> kapittel 14 om ytingar ved svangerskap, fødsel og adopsjon.

I folketrygdlova er rettane stort sett knytt til ”mor” og ”far”, men nokre stader, som til dømes for foreldrepengar (§ 14-7) og eingongsstønad (§ 14-17) er det retten direkte knytt til kjønn. Som for barnelova, følgjer det av lov om juridisk kjønn at ”En person som endrer sitt juridiske kjønn, beholder rettigheter og plikter som følge av farskap, morskap eller medmorskap.” Ordninga synast å vere meint til å verne personen som føder barn, på den måten at ein juridisk mann skal ha same rettar som ei juridisk kvinne som føder barn. Truleg vil den same løysinga leggjast til grunn i denne samanheng ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn.

Adopsjonslova<sup>52</sup> er kjønnsnøytralt utforma. Barnevernlova<sup>53</sup> nyttar omgrepa ”foreldra”, og arbeidsmiljølova<sup>54</sup> nyttar mor og far, utanom i høve ammefri i §12-8 som gjeld ”kvinner”.

<sup>53</sup> Lov nr. 100 av 17. juli 1992 om barneverntjenester

<sup>54</sup> Lov nr. 62 av 17 juni 2005 arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.

I samband med innføringa av omgrepet medmor i barnelova,<sup>55</sup> blei det drøfta om det skulle gjerast endringar i annen relevant lovgivning. Departementet uttalte:

*En del rettigheter og plikter er knyttet til det å være far til et barn. Noen av disse rettighetene fremgår av barneloven, men også av andre lover, for eksempel folketrygdloven og arveloven. De samme rettigheter og forpliktelser skal gjelde for medmor. Departementet har vurdert om alle de aktuelle lover skal endres eller om det skal lages en ny regel i barneloven. Å endre alle de aktuelle lover vil ha en klar opplysningsverdi og gjøre reglene lettere tilgjengelige. Det er imidlertid en fare for at noen lover blir uteglemt. Departementet har derfor kommet til at det er mest hensiktsmessig å lage en ny regel i barneloven.*

Løysinga departementet vel viser at det ikkje er noko i vegen for at rettar og plikter knytt til å vere "far" kan gjelde både menn og kvinner. Følgjeleg bør det vere uproblematisk at også ein person som er registrert med eit anna juridisk kjønn kan ha same rettar og plikter. Samstundes er departementet sin argumentasjon om at det kan vere at nokre lover som vert gløymt tilseier at lovene ikkje skal endrast, ikkje eit særskilt tungtvegande argument. Språket i mange lover og forskrifter er allereie utdatert med omsyn til at mange homofile par er foreldre, og innføringa av eit alternativt juridisk kjønn kunne vere eit godt høve til å modernisere språket, både for homofile foreldre og ikkje-binære familiar. Å nytte "forelder" istaden for kjønnsbestemte ord kan hjelpe i nokre tilfelle.

<sup>55</sup> Ot.prop. 33 (2007-2008)

<sup>56</sup> Lov nr. 47 av 4. juli 1991 om ekteskap

<sup>57</sup> Lov nr. 83 av 21. juni 1985 om ansvarlige selskaper og komandittselskaper

Når det gjeld bruken av omgrepet "fødselskjønn" i samband med foreldreskap, kan det diskuteras om dette i det heile er naudsynt. Alternativt kunne rettane, til dømes til permisjon og foreldrepengar, vere knytt til "den som føder barnet". Det er ikkje naudsynt å fjerne ordet "kvinna", men ein kan leggje til ei formulering som er meir inkluderande, til dømes "kvinna eller den som føder barnet".

### 8.3. Ekteskap og samliv

Av ekteskapslova<sup>56</sup> § 1 følgjer det at "to personer av motsatt eller samme kjønn kan inngå ekteskap". Lova byggjer sterkt på det binære kjønnsystemet, og ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn, vil det måtte gjerast endringar. Ei alternativ formulering i §1 kunne til dømes vere: "to personar, uavhengig av kjønn, kan inngå ekteskap". Eller ganske enkelt: "to personar kan inngå ekteskap".


Ekteskapslova nyttar vidare "han eller hun" ei rekkje gangar i beskrivinga av rettar og plikter. Dette er for øvrig vanleg i ei rekkje andre lover, men ein del lover, til dømes selskapslova,<sup>57</sup> nyttar berre "han". Det er likevel klart at lova gjeld like mykje for kvinner. Bruken av "han eller hun" kan derfor ikkje ha nokon rettslege konsekvensar. Generelt kan det likevel vere ønskjeleg å nytte meir inkluderande språk, som til dømes "dei" (for eksempel brudeparet) i fleirtal eller "vedkommande" i eintal.

### 8.4. Likestilling og ikkje-diskriminering

Av likestillingslova<sup>58</sup> følgjer det at føremålet med lova er å oppnå "likestilling mellom kjønne", og det synast ikkje vere

<sup>58</sup> Lov nr. 59 av 21. juni 2013 om likestilling mellom kjønne





noko i vegen for at denne formuleringa også kan omfatte eit alternativt juridisk kjønn. Av forarbeida til diskrimineringslovgivinga<sup>59</sup> følger det at intersex-personar og transpersonar er omfatta både diskrimineringsvernet i likestillingslova og diskrimineringslova om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (SKK-lova).<sup>60</sup> Personar som ønskjer å registrere seg med eit alternativt juridisk kjønn vil derfor vere beskytta mot diskriminering på grunn at sin kjønnskategori jf. likestillingslova § 5 og SKK-lova § 5, og vil kunne få positiv skilnadshandsaming jf. likestillingsloven § 7 og SKK-lova § 7.

Likestillingslova byggjer likevel på tokjønnsmodellen, noko som mellom anna kjem til uttrykk i § 13 om kjønnsbalanse i offentlege utval, der det vert vist til at ”begge kjønn”, og fleire reglar om at ”hvert kjønn” skal vere representert med eit bestemt tal. Liknande reguleringar finn ein i reglane om kjønnskvoltering i styrer. Sidan 2004 skal styremedlemmene i private allmennaksjeselskap, statsforetak, interkommunale selskap, store samvirkeforetak og aksjeselskap der kommunen eig meir enn to tredjedelar skal vere representert med minimum 40 prosent av kvart kjønn.<sup>61</sup> Reglane i til dømes aksjelova<sup>62</sup> § 20-6 nyttar same formulering som likestillingslova sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval.

Personar som ønskjer å registrere seg med eit alternativt juridisk kjønn vil vere ein relativt liten kjønnsminoritet, og det synest derfor ikkje vere nærliggjande at reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval vil inkludere denne gruppa. På same tid er det viktig at reglane om kjønnsfordeing i

offentlege utval og styrer ikkje vert til hinder for at personar som er registrert med eit alternativt kjønn får høve til å bidra i avgjerdsprosessar. Det kan i denne samanheng vere aktuelt å vurdere å innføre delvis unntak frå reglane om kvotering dersom ein eller fleire personar som er registrert med eit tredje kjønn er representert i styret eller utvalet.

Av forskrift om opptak til høgre utdanning<sup>63</sup> § 7-9 følger det at Kunnskapsdepartementet kan bestemme at søkerar av det kjønn som er klart underrepresentert blant studentar eller yrkesutøvarar frå vedkommande utdanning, skal ha 1 eller 2 tilleggspoeng. Nyleg avgjorde Kunnskapsdepartementet at ei ordning der menn blei gitt kjønnsspoeng for inntak til veterinær- og dyrepleiarutdanning, med tilvising til at dagens regelverk gir avgrensa mogelegheit til å positiv skilnadshandsaming av menn.<sup>64</sup> Kunnskapsdepartementet viser imidlertid til at ny likestillingslov<sup>65</sup> allereie er vedteken, og vil tre i kraft frå 1. januar 2018. Etter den nye lova vil det vere utvida høve til positiv skilnadshandsaming av menn.

Ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn, vert spørsmålet korleis ein skal løyse spørsmål om kjønnsspoeng. Personar som vel å registrere seg med under eit alternativt juridisk kjønn, vil vere ei relativt lita gruppe samanlikna med dei tradisjonelle kjønnskategoriane, og vil derfor truleg alltid vere i sterkt mindretal innanfor alle utdanningsretningar. Om ein ser på grunngevinga bak kjønnsspoeng, er det ikkje lik fordeling innanfor alle utdanningsretningar som er målet. Snarare

---

<sup>59</sup> Prop. 88 L (2012–2013)

<sup>60</sup> Lov nr. 58 av 21. juni 2013 om forbud mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk


<sup>61</sup> Store norske leksikon, 2014

<sup>62</sup> Lov nr. 44 av 13. juni 1997 om aksjeselskaper

<sup>63</sup> Forskrift nr. 13 av 6. januar 2017 om opptak til høgre utdanning

<sup>64</sup> Kunnskapsdepartementet, 2017

<sup>65</sup> Lov nr. 51 av 16. juni 2017 (ikkje i kraft)



blir kjønns-poeng nytta for å stimulere til ønskja samfunnsutvikling. Til dømes følgjer det av forskrift om positiv særbehandling av menn,<sup>66</sup> at regjeringa kan gi retningslinjer for ”særbehandling av menn ved opptak til utdanning som særleg er rettet inn mot undervisning av eller omsorg for barn, og hvor menn vil bli underrepresentert på linjen eller studiet.” Av forskrifta følgjer det at bakgrunnen for at ein opnar for slik skilnadshandsaming er at ein ønskjer å utfordre eksisterande kjønnsrollar og fordommar om menn som omrogspersonar, samt at barn skal få moglegheit til å mannelege rollemodellar i tidleg barndom.

På same måte kan ein tenkje seg at det kan vere ønskjeleg å gi kjønns-poeng til personar som er registrert med eit alternativt juridisk kjønn i situasjonar det er særleg ønskjeleg å sikre mangfald og utfordre fordommar. Slike utdanningar kan til dømes vere lærarutdanning, politi, sjukepleiar, lege og psykolog.

Likestillingslova § 21 omhandlar likelønn: ”Kvinner og menn i samme virksomhet skal ha lik lønn for samme arbeid eller arbeid av lik verdi. Lønnen skal fastsettes på same måte for kvinner og menn uten hensyn til kjønn.” Føresegna vernar både menn og kvinner mot ulik behandling basert på kjønn når det gjeld lønn. Dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført, kan det ikkje vere tvilsamt at også personar som er registrert med eit alternativt juridisk kjønn også bør ha rett på vern frå diskriminering på grunn av lønn ved fastsetjing av lønn. Det synast å vere mogleg å omformulere føresegna til å inkludere personar med eit alternativt kjønn utan å endre innhaldet, til dømes slik ”Arbeidstakarar i same verksemd skal ha lik lønn for same arbeid eller arbeid av lik verdi, utan omsyn til kjønn. Lønn skal

---

<sup>66</sup> Forskrift nr. 622 av 17. juli om særbehandling av menn

fastsetjast utan omsyn til kjønn.” Samstundes kan det vere ønskjeleg å halde på synleggjinga av menn og kvinner i denne føresegna, fordi grunngevinga bak regelen er knytt til den historiske skilnaden i lønn mellom menn og kvinner. På den andre sida beskyttar føresegna både menn og kvinner.

Arbeidsmiljølova brukar ikkje ”han eller hun” men den eller ”arbeidstakar”. Etter arbeidsmiljølova § 4 følgjer det at ”virksomheten skal innrettes for arbeidstakere av begge kjønn”, ei alternativ formulering kunne vore ”virksomheten skal innrettes med omsyn til arbeidstakerenes kjønn”. Av arbeidsplassforskrifta<sup>67</sup> kapittel 3 følgjer det at arbeidsgivar er forplikta til å ha avskilte toalett og garderober for menn og kvinner. Ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn er det grunn til å revurdere utforminga av desse forskriftene for å sikre gode arbeidstilhøve for personar som nyttar eit alternativt juridisk kjønn.


### 8.5. Juridisk kjønn

Lov om juridisk kjønn, som opnar for at ein kan endre sitt juridiske kjønn ved erklæring, nyttar ikkje omgrepa mann og kvinne, og vil kunne nyttast på same måte dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført.

Lova byggjer på erklæringsmodellen, altså at det er tilstrekkeleg å erklære kva kjønn ein skal ha til Skatteetaten. Denne ordninga er internasjonalt anerkjent som ei svært god ordning, og bør også nyttast ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn.

Ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn kan lov om juridisk kjønn tenkjast å vere den lova som uttrykkeleg regulerer tilgangen til å registrere seg under ein

<sup>67</sup> Forskrift nr. 1356 av 6. desember 2011 om utforming og innretting av arbeidsplasser og arbeidslokaler



alternativ kategori i tillegg til mann og kvinne.

## 9. Avslutning

Denne rapporten viser at innføring av eit alternativt juridisk kjønn vil medføre ein del endringar i måten det offentlege handterer spørsmål om kjønn. Nokre av endringane vil vere rettslege, medan andre vil vere meir av praktisk karakter. Generelt synast den juridiske og politiske utviklinga å gå i retning av eit samfunn som er meir ope for ei meir nyansert forståing av konseptet kjønn. Dette kjem mellom anna til uttrykk i lov om endring av juridisk kjønn og i Skatteetaten og Finansdepartementet sine forslag om å fjerne kjønnsindikatoren i identitetsnummeret.

Denne utviklinga er også i tråd med utviklinga internasjonalt, til dømes i Danmark, Tyskland og New Zealand. Samstundes er det verd å merke seg at det internasjonalt synast det vere ei større aksept for at intersex-personar skal kunne registrere seg under ein alternativ kjønnkategori basert på medisinske grunnar, og mindre aksept for at transpersonar skal få gjere det same basert på sin kjønnsidentitet. Eit stort framsteg med lov om endring av juridisk kjønn var akkurat det at ein gjekk vekk frå den medisinske tilnærminga. Dersom eit alternativt juridisk kjønn vert innført, er det heilt avgjereande at ein ikkje går tilbake til den medisinske modellen.

Ved innføring av ein tredje kjønnskategori må det gjerast endringar i måten ein registrerer kjønn i Folkeregisteret. Truleg vil den mest nærliggjande løysinga vere at ein får mogelegheit til å registrere seg med eit tredje alternativ "X", likestilt med mann og kvinne. Det ligg allereie føre forslag om å endre identitetsnummera slik at dei ikkje inneheld informasjon om kjønn.

Å fjerne kjønn som indikator kan også på andre område vere ei god løysing, medan det i pas og identitetskort kan vere eit betre alternativ å nytte "X" som alternativ til "F" og "M".

Når det kjem til rettar og plikter knytt til kjønn, må det truleg gjerast nokre lovendringar ved innføring av eit alternativt juridisk kjønn. Nokre av desse endringane synast å vere utelukkande språklege, medan andre krev meir substansielle vurderingar. Dette gjeld særleg på likestillingsfeltet.

Samla sett synest det ikkje å vere overkommelege juridiske eller praktiske utfordringar som tilseier at eit alternativt juridisk kjønn ikkje kan innførast. For å sikre ein heilskapleg tilnærming, bør det imidlertid gjerast ei grundig utgreiing. Vidare bør det vurderast om lov om endring av juridisk kjønn bør endrast til å inkludere ei uttrykkeleg føresegn om mogelegheit til å velje ein alternativ kategori.



## Kjelder

Arnesen, Lars. Bør retten anerkjenne mer enn to kjønn? – Retten til egen kjønnsidentitet og diskrimineringsvern på bakgrunn av lov om endring av juridisk kjønn. Kritisk juss 02 / 2017 (Volum 53)

Arnesen, Lars. Verken mann eller kvinne i pass og identitetspapirer. Kvinnerettslig skriftserie nr. 98 / 2016.

Bioteknologirådet, Høringssvar fra Bioteknologirådet, Høring - forslag til lov om endring av juridisk kjønn, 3. november 2015

Braut, Geir Sverre. Masseundersøkelser, 23. september 2016. I Store medisinske leksikon <https://sml.snl.no/masseunders%C3%B8kkelser> Sitert 15. august 2017

European Union Agency for Fundamental Rights (FRA), Being Trans in the EU - Comparative analysis of the EU LGBT survey data, 2014

Finansdepartementet, Høringsnotat - Forslag til ny personidentifikator, 23. mars 2017

Forbundet for transpersoner i Norge, Brev til de politiske partiene og deres ungdomsorganisasjoner frå FTPN, FRI, Skeiv Ungdom og Skeiv Verden: Innfør et reelt kjønnsalternativ nå, Norge trenger et juridisk alternativ til mann og kvinne, 18. februar 2017

Framtida.no, *Ungdomspartia*: – Kampen for innføring av eit tredje kjønn ikkje er over, 2. mars 2017, <https://framtida.no/2017/03/02/ungdomspartia-kampen-for-innforing-av-eit-tredje-kjonn-ikkje-er-over>, sitert 2. september 2017.

Helsedirektoratet, Rett til rett kjønn – Helse til alle kjønn, Utredning av vilkår for endring av juridisk kjønn og organisering av helsetjenester for personer som opplever kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori, 2015

Helse- og omsorgsdepartementet, Høringsnotat - Forslag til lov om endring av juridisk kjønn, 25. juni 2015

Helsenorge.no, Endring av juridisk kjønn <https://helsenorge.no/rettigheter/endring-av-juridisk-kjonn> Sitert 3. september 2017



Human-Etisk Forbund, Høringssvar - forslag til lov om endring av juridisk kjønn, 15. november 2015

Human Rights Watch, *Rights in Transition, Making Legal Recognition for Transgender People a Global Priority*, 2016 <https://www.hrw.org/world-report/2016/rights-in-transition>  
Sisert 8. September 2017

International Civil Aviation Organization, Machine Readable Travel Documents Seventh Edition, 2015. Part 5: Specifications for TD1 Size Machine Readable Official Travel Documents (MROTDs) [https://www.icao.int/publications/Documents/9303\\_p5\\_cons\\_en.pdf](https://www.icao.int/publications/Documents/9303_p5_cons_en.pdf)  
sisert 14. september 2017

Justitsministeriet (Danmark), Bekendtgørelse om ændring af bekendtgørelse om pas, 28. august 2014

Klingenberg m.fl. Generell veileder i pediatri, (2.14 Feil i somatisk kjønnsutvikling ), 2011 <http://www.helsebiblioteket.no/retningslinjer/pediatri/endokrinologi/feil-i-somatisk-kjonn> Sisert 9. September 2017


Kunnskapsdepartementet, Opphør av tilleggspoeng for menn ved årets opptak til veterinær- og dyrepleierstudiene, brev av 5. april 2017

Nrk.no, Visste du at det finnes sju kjønn? 25. juli 2016. [https://www.nrk.no/video/PS\\*257951](https://www.nrk.no/video/PS*257951)  
Sisert 2. september 2017

Regjeringen.no, Elektronisk ID på nasjonalt ID-kort, 23. mai 2016.  
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/elektronisk-id-pa-nasjonalt-id-kort/id2499094/> Sisert 2. september 2017

Skattedirektoratet, Håndbok i folkeregistrering, 9. reviderte utgave, versjon 1.8, 2014

Skatteetaten, Konseptvalgsutredning. Ny personidentifikator i Folkeregisteret, 4. april 2013



Skattetaten.no, Fødselsattest (<http://www.skatteetaten.no/no/Person/Folkeregister/Utlevering-av-opplysninger/Attester/Fodselsattest/> Sitert 2. september 2017

Skattetaten.no, D-nummer <http://www.skatteetaten.no/no/Person/Skattekort-og-forskuddsskatt/Utenlandsk-arbeidstaker/D-nummer/D-nummer1/> Sitert 2. september 2017

Sandberg, Kirsten. The Rights of LGBTI Children under the Convention on the Rights of the Child. Nordic Journal of Human Rights Volume 33, 2015 - Issue 4: Human rights, Sexual Orientation, and Gender Identity

Store norske leksikon, Kjønnskvotering i styrer 24. juli 2014, [https://snl.no/kj%C3%B8nnskvotering\\_i\\_styrer](https://snl.no/kj%C3%B8nnskvotering_i_styrer) Sitert 3. september 2017

Stortinget - Møte tirsdag den 7. mars 2017. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2016-2017/refs-201617-03-07/?all=true> Sitert 14. september 2017

Sørli, Anniken. Legal gender meets reality: a socio-legal children's perspective. Nordic Journal of Human Rights 33(4), s 353- 379, 2015

Van der Ros, Janneke & Benestad, Esben Esther Pirelli. Kjønnssidentitet. I Store medisinske leksikon 13. januar 2014. <https://sml.snl.no/kjonnssidentitet>. Sitert 2. september 2017



